

Fjell kommune  
Postboks 184  
5342 Straume

HORDALAND FYLKESKOMMUNE SAMFERDSELSAVDELINGA  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

### **Høyringsbrev: Oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram for kommunedelplan for trafikksikring 2017 - 2020**

Dokumentet følger vedlagt. Dokumentet er send elektronisk og kan lesast i Altinn eller ei Digital postkasse.

Fjell kommune vil frå 01.01.2016 senda ut post digitalt til Altinn eller din Digitale postkasse. Dette er ei oppfølging av vedtak i Stortinget som inneber at stat og kommune skal gå over til å kommunisera med innbyggjarar og næringsliv på nett i staden for papir.

Med digital postkasse får du samla post frå det offentlege på ein plass og på ein trygg måte, samstundes som dette vil effektivisera saksbehandlinga. Du kan lagra posten så lenge du ønskjer. Det er gratis å oppretta og bruka postkassa, og du bidreg òg til å spare miljøet!

Det er mange om allereie har skaffa seg digital postkasse. Har du ikkje gjort dette enno, så er framgangsmåten enkel: Du kan velja mellom to postkassar; Digipost eller e-Boks. Postkassane er likestilte, og begge tilfredstiller strenge krav til tryggleik.

Du kan reservera deg mot å få post digitalt. Du vil då få tilsendt post som før på papir.

Lurer du på noko?

Du finn informasjon om postkassane og reservasjonsmoglegheiter på sida: [www.norge.no](http://www.norge.no)



# FJELL KOMMUNE

Plan- og utbyggingssjefen

I samsvar med liste

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksb. – tlf.	Dato
	2016/24 - 3179/2016	Marit Selberg Sigurdson - 55 09 73 73	10.02.2016

## Oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram for kommunedelplan for trafikksikring 2017 - 2020

Fjell kommune har i komité for drift og forvaltning, møtedato 09.02.2016, godkjent at planprogram for kommunedelplan for trafikksikring 2016-2020, vert lagt ut til offentlig ettersyn i seks veker, frå kunngjeringsdato 12. februar til 29. mars 2016. Dette brevet vert sendt til aktørar vi ønskjer å gjera særskilt merksame på høve til å uttala seg, men det er ope for alle å gje synspunkt og innspel til planprogrammet. Vi opnar også for å gje innspel til konkrete trafikksikringstiltak allereie i denne høyringa.

Kommunedelplanen vert ein revisjon av kommunedelplan for trafikksikring 2012-2015/2020.

### Om planprogrammet:

Planprogrammet er det første dokumentet i ein planprosess, og skal avklara rammer og premissar for planarbeidet. Planprogrammet gir i korte trekk greie for føremålet med planarbeidet, tema i planen, framdrift og opplegg for medverknad.

Planprogrammet legg opp til ei drøfting av korleis kommunen, i tett samarbeid med m.a. innbyggjarar, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune, skal få talet på ulukker ned og auka tryggleiken i trafikken. Nasjonale, regionale og lokale mål og føringar legg grunnlag for fokusområde i planen. Nullvisjonen, med mål om eit transportsystem som ikkje fører til tap av liv eller varig skade, er det berande element for arbeid med trafikksikring i Noreg. I tillegg er barn og unge eit naturleg hovudfokus i alt trafikksikringsarbeid.

Planprogrammet legg opp til fem hovudtema i planen:

- Barn og unge i trafikken
- Ulukker
- Trafikantåtferd

- Sykkel
- Arealplanlegging og utbygging

Planen skal fordela ressursar til trafikksikringstiltak, i hovudsak på det kommunale vegnettet, og til førebyggjande og haldningsskapande arbeid på lokalplanet. På bakgrunn av innspel frå innbyggjarar, regional og statleg vegmynde og andre relevante aktørar, vil den politiske styringsgruppa einast om ein handlingsdel. Handlingsdelen skal innehalda prioriterte tiltak i planperioden, knytt til trafikksikkerheit og trafikksikring. Den vil vera styrande for kommunen og retningsgjevande for fylkeskommunale og statlege tiltak på vegnettet i Fjell kommune.

Planprogrammet er lagt ut til offentleg ettersyn på følgjande stader:

- ved Servicetorget i Fjell rådhus
- ved Fjell folkeboksamling
- på [www.fjell.kommune.no/TS-plan](http://www.fjell.kommune.no/TS-plan).

### **Innspel:**

Kommunen ønskjer innspel til rammer og tema for trafikksikringsplanen, slik dei er skildra i planprogrammet.

### **I tillegg oppmodar vi alle interesserte om å allereie no komma med innspel om konkrete trafikksikringstiltak.**

Skjema for innspel er lagt ved dette brevet. Fysiske tiltak må merkast av på kart. Sjå elles [www.fjell.kommune.no/TS-plan](http://www.fjell.kommune.no/TS-plan) for meir informasjon, og moglegheit for å senda innspelet elektronisk.

Vi ønskjer innspel om vegar og andre tilhøve som gir utrygge og farlege situasjonar, og forslag til tiltak som kan gjera forholda betre. I tillegg ønskjer vi forslag til haldningsskapande tiltak/opplæring. Skular og barnehagar vil få tilsendt eit eige spørjeskjema der dei kan melda inn forslag til tiltak.

### Ved omtale av vegar/ fysiske tilhøve:

Referer til vegnamn og stad. Nøyaktig plassering må skildrast og merkast av på kart. Situasjonkart kan lastast ned på til dømes [www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no). På nettsida [www.fjell.kommune.no/TS-plan](http://www.fjell.kommune.no/TS-plan) ligg ein rettleiar i bruken av Norgeskart.

Innspel og forslag til trafikksikringstiltak skal helst sendast via elektronisk skjema på [www.fjell.kommune.no/TS-plan](http://www.fjell.kommune.no/TS-plan).

Ein kan også senda innspela som brev til:

Fjell kommune  
v/ Plan- og utbyggingssjefen,  
Postboks 184  
5342 Straume  
**Merkast med: saksnr. 2016/24**

**Frist: 29. mars 2016**

Spørsmål kan rettast til Plan- og utbyggingssjefen v/samfunnsplanleggar Marit Selberg Sigurdson. E-post: [marit.sigurdson@fjell.kommune.no](mailto:marit.sigurdson@fjell.kommune.no). TLF: 55 09 73 73.

Med helsing

Cecilie Krohn  
Avdelingsleiar, Plan

Marit Selberg Sigurdson  
Samfunnsplanleggar, Plan

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

**Mottakarliste:**

Ungdommens kommunestyre  
Eldrerådet  
Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne  
Stabs-/støtte-/driftseiningar i Fjell kommune  
Skulane i Fjell kommune  
Barnehagane i Fjell kommune  
Samarbeidsutvala ved skulane i Fjell kommune  
Grendalag og velforeiningar i Fjell kommune  
Sund kommune  
Øygarden kommune  
Askøy kommune  
Bergen kommune  
Hordaland fylkeskommune v/Samferdsleavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland  
Statens vegvesen, region vest  
Sotra og Øygarden lensmannskontor  
Trygg Trafikk Hordaland



**FJELL KOMMUNE**  
**Plan- og utbyggingssjefen**  
**Postboks 184**  
**5342 Straume**  
**Merk: saksnr. 2016/24**

**Skjema og kart skal helst sendast elektronisk, via [www.fjell.kommune/TSplan](http://www.fjell.kommune/TSplan)**

## **SKJEMA FOR FORSLAG TIL TRAFIKKSIKRINGSTILTAK**

Alle forslag må grunngjevast. Nøyaktig plassering for fysiske tiltak må skildrast og merkast av på kart. Kartet skal leggjast ved dette skjemaet. Tilleggsinformasjon, bilete etc. kan også leggjast ved. Situasjonkart kan lastast ned til dømes via [www.norgeskart.no](http://www.norgeskart.no). På sida [www.fjell.kommune.no/TS-plan](http://www.fjell.kommune.no/TS-plan) ligg ein rettleiar til bruken av Norgeskart.

### **Forslag til tiltak i prioritert rekkjefølgje:**

- 1.....
- 2.....
- 3.....
- 4.....
- 5.....

### **Skildring av plassering/stad:**

- 1.....
- 2.....
- 3.....
- 4.....
- 5.....

### **Grunngjeving:**

.....  
.....  
.....  
.....  
.....  
.....  
.....  
.....

Namn:.....

Adresse:.....

Tlf./e-post:.....

Stad og dato:.....